


STRANDA KOMMUNE



VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 107

SKILTVEDTEKTER FOR STRANDA KOMMUNE

Sist revidert: 25.06.1998

Godkjenning:

HPT 25.06.1998

Kommunestyret 30.09.1998

SKILTVEDEKTER

1. Søknad

I Stranda kommune må nye skilt, transparenter, reklameinnretningar o.l som er større enn 0,5 m² og flaggstenger til reklamebruk, ikkje setjast opp utan at kommunen har gjeve samtykke. Samtykke vert gjeve for minimum 5 år og deretter inntil vidare.

For skilt, transparenter, reklameinnretningar o.l som er mindre enn dette, må oppsetjing meldast til kommunen. Kommunen kan innan tre veker krevje at samtykke må føreligge før oppsetjing.

Ved handsaming i kommunen gjeld plan- og bygningslova (PBL) sine paragrafar:

§ 74.2 (Utsjånad)

§ 94 (Søknad om byggjeløyve, nabovarsel)

§ 95 (Behandling av søknaden)

Ved søknad må det sendast nabovarsel i samsvar med PBL § 93.

Kommunen kan etter å ha motteke melding krevje at nabovarsel vert sendt.

Godkjend skilt/anna reklameinnretning som er oppkome før denne vedtekta trer i kraft, kan ikkje krevjast fjerna før tidlegast om tre år.

Søknad- og meldingsskjema får ein ved å henvende seg til kommunen.

Søknad om oppsetjing av skilt skal innehalde målsett teikning eller foto av skiltet og fargeframlegg og eventuell plassering på bygningen.

2. Reklameinnretningar. Områdeomsyn

Denne vedtekta gjeld heile kommunen. Avhengig av reguleringsføremaal kan kommunen setje strengare krav til skilting m.o.t. utforming og storleik.

I opne naturlandskap, kulturlandskap, parkar og friområde må det ikkje førast opp frittstående reklameskilt.

Innanfor særprega og historisk interessante miljø må det ikkje førast opp reklameinnretningar som ikkje er tilpassa miljøet sin karakter og historie.

I reine bustadområde må det ikkje førast opp reklameinnretningar. Mindre reklameskilt på forretningar, kioskar o.l. kan førast opp i den grad det ikkje er til sjenanse for bustadane.

Ref. §6 – vedtekne politivedtekter for Stranda kommune.

3. Krav til utforming

3.1 Skilt, transparentar, reklameinnretningar o.l. skal utformast slik at dei stettar estetiske omsyn både i høve til tiltaket sjølv og i høve til bakgrunnen og omgivnadane. Skjemmande utforming er ikkje tillate og kan krevjast endra.

3.2 Skilt, flaggstenger, reklameinnretningar o.l. skal ikkje vere til hinder for ferdsel eller til fare for omgivnadane på annan måte.

3.3 Bevegelege og/eller blinkande skilt/reklameinnretningar vert ikkje tillate.

3.3 Uthengsskilt på bygningar skal ikkje ha større breidde enn 1,0 m og skal ha fri høgde over fortau på minst 2,30 m.

Framspringet må aldri vere lengre ut enn at der er avstand på 0,5 m fri horisontal avstand frå fortauskant.

På freda og bevaringsverdige bygningar eller miljø skal maksimumsstorleik vere 0,6 m².

3.4 Markiser skal avgrensast til dør- og vindusparti.

Fri høgde over terreng skal vere minst 2,30 m.

3.5 Transparentar kan ikkje dekkje meir enn 30% av vindusflata og ikkje vere større enn 1 m² per vindauge.

3.6 Lysande kasser skal utformast med blenda botn slik at berre teksten og/eller eit eventuelt symbol gjev lys. Anna utforming av lyskasser er ikkje tillate. Gesimsar utforma som lysande kasser er ikkje tillate.

3.7 Skilt må ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk eller gesims. Kommunen kan gjere unntak for opne lysørskilt med frittståande bokstavar eller liknande som vert plassert på gesims.

3.8 Skilt skal ikkje dekkje meir enn ¼ av bygninga si horisontale fasadelengde, begrensa til 4,0 m, eller ein rimeleg del av fasaden som verksemda disponerer.

3.9 I Geiranger og på Hellesylt bør storleiken på skilta ikkje overstige 1,5 m². I andre områder i kommunen bør storleiken ikkje overstige 2,5 m². Kvar enkelt søknad kan likevel vurderast strengare eller lempelegare alt etter utsjånaden til det aktuelle bygget og det omkringliggjande miljøet.

3.10 For kvar verksemd er det berre tillate med eitt uthengsskilt og eitt veggskilt.

Kommunen kan gjere unntak for verksemder som disponerer fleire fasadar langs fortau eller gater.

3.11 I næringsbygg som inneheld fleire verksemder, skal verksemdene sine skilt vere samla i ei oppslagstavle. Denne kan vere frittståande. Skilta skal som hovudregel plasserast ved inngangar.

3.12 Som rettesnor ved utforming av nye reklameinnretningar bør kommunen sine malar følgjast.

3.13 For frittstående skilt kan kommunen setje strengare eller lemplegare krav til storleik og utforming.

4. Følgjande skilt og reklameinnretningar er ikkje tillate

Lausfotreklame vert ikkje tillate.

Reklame på markiser. Etter ei heilheitsvurdering kan likevel firmanamn/logo akseptast.

5. Fjerning av skilt

Kommunen kan gje pålegg om å fjerne eller endre innretning som nemnd i PBL § 107 første og andre leden. Vilkåret for dette pålegget er at innretninga er skjemmande i seg sjølv eller til ulempe for omgjevnadane. Slike pålegg må heller ikkje vere i motsetning til samtykke som tidlegare er gjeve for eit bestemt tidsrom. Innretning som kan medføre fare kan kommunen i alle høve pålegge fjerna.

6. Unntak

Mindre vesentlege unntak får denne vedtekta kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast.

Vedtektene trer i kraft frå den 01.07.1998

Sist revidert: 25.06.1998

Godkjenning:

HPT	DATO:	25.06.1998
KOMMUNESTYRET	DATO:	30.09.1998

STRANDA KOMMUNE

VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 93 bokstav g.

Vedtekta skal lyde slik:

Til § 93 andre ledd bokstav g.

g. Oppsetjing av skilt og reklameinnretning m.v. som nemnd i vedtekt til § 107, og som er større enn 0,5 m².

RETNINGSLINJER

STRANDA KOMMUNE

Teknisk etat sine retningslinjer for praktisering av PBL § 107 og skiltvedtektene.

GENERELT

Retningslinjene omfattar alle slag skilt, utforming, tilpassing, type verkemiddel, plassering og evt. avvik der vektige grunnar ligg føre.

TYPE SKILT

Lyskasser

Lyskasser kan nyttast på bygningar som ut frå material, form og områdehensyn kan forsvarast. Lyskassene skal då utformast med lukka front, slik at berre tekst og symbol vert gjennomlyst. Eksempel på slike område er industri, handels- og serviceverksemd og type tyngre serviceretta føretak som bilverkstad, rørleggarbedrifter m.v. Bygningar i glas, stål, betong- og industribygg.

Plateskilt

Plateskilt kan godkjennast i industriområder eller sentrumsområde under føresetnad av at det er samsvar mellom skiltplate og bygninga si fargesetting.

Reklametavler (Boards)

Skilt og reklame på gavlfasader bør behandlast restriktivt. Skilt må underordne seg bygninga sin dimensjon og form. Boardsreklame vert ikkje anbefalt. Skilt som er tilpassabygget i form av påmåla gavlmotiv kan verte tillate, dersom farge, "lesbarheit" og bruk av verkemiddel vert underordna bygninga sitt miljø. Dersom boardsreklame vert tillate bør denne verte tilpassa bygningsmiljøet og plasserast i lav høgde for å unngå å virke dominerande i forhold til fjernvirkning m.v. – fortrinnsvis frittstående tavler plassert på parkeringsplassar med skiltplatene vendt innover.

Anvisningsskilt

Verksemder har sin hovudreferanse knytt til adresse. Dette vil då seie at anvisningsskilt ikkje bør tillatast frå utkant av tettstadane.

Anvisningsskilt skal føretakast i ein geografisk nærleik av verksemda.

Symbolbruk

Anvisning/merking med symbol kan føretakast der dette er viktig i forhold til informasjon for publikum. Dette kan vere vegserviceanlegg, overnatting, spisestader, bensinstasjonar m.v.

Anvisning frå vegar bør skje med Statens Vegvesen sine standard skilt.

UTFORMING

I sentrale område skal det i utgangspunktet kun nyttast frittstående bokstavar og uthengsskilt. Primært vert det føretrekt frittstående bokstavar på fasadar. Desse kan gjerne vere opplyst frå baksida, slik at ein unngår bruk av armatur som kan vere dominerande og skjemmande.

Plateskilt bør fortrinnsvis utformast på ein slik måte at bakgrunnsfargen i størst mogleg grad er i samsvar med bygninga sin fasadefarge.

Oppheng for uthengsskilt bør utformast i tråd med den detaljering og formuttrykk som er på bygninga ellers. Eksempelvis vil eit ornamentert smijernsoppheng med gamle forbilder verke framand på eit moderne bygg.

VERKEMIDDEL

Skilt bør kun omfatte verksemda sitt namn evt. skilt for hovudagentur. Tilbodsreklame, annonsering av type tenester, produktområde m.v. bør ikkje tillast.

Sponsorskilt/reklameskilt for produkt som verksemda sel, bør kun tillast i begrensa omfang. Det bør vere hovudagentur og ikkje eit kva som helst produkt som er sidestilt med øvrig produktspekter. Skilting med opningstider må kun tillast unntaksvis i tilknytning til inngang/adkomst.

PLASSERING

Skilt bør plasserast i tilknytning til inngangsparti og kan i tillegg angi verksemda si lokalisering/utstrekning.

Skilting for verksemder skal føretakast på 1. etasje plan. Skilting for verksemder som er oppover i etasjane vert ikkje anbefalt plassert oppover på fasaden. Denne skilting vert anbefalt i form av fellesoppslagstavle ved inngang/adkomst. Frittstående/folierte bokstavar pålimt innvendig på vindusfasade kan utførast i mindre omfang. Dersom skilting for verksemder over 1. etasjeplan skal tillast, vert desse anbefalt samla og samordna på ei avgrensa flate.

OMFANG

I utgangspunktet vert det tillate 2 skilt per verksemd. Avvik kan gjerast der kor verksemda si bygningsmessige utstrekning er omfattande, fleire adkomstveggar, eller der kor skilting og bygninga sin material- og fargebruk er i godt samsvar.

DISPENSASJON

I enkelte situasjonar der det utifrå vedtekter er vanskeleg å kunne finne gode løysingar som tek i vare krav til utforming, tilpassing m.v. er det viktig å sjå på totaleffekten av skiltinga framføre slavisk oppfølging av vedtekter. Eksempel kan vere bygg med baldakiner eller utkraga gesimsar der bygninga si veggflate består av vindusfelt/ingen eller svært få felt for fastmontering/opphenging av skilt. Skilting på gesims kan vere eit betre alternativ.